



Martin Alling
Kringlebakken 10
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2361 - 21/17169

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
12.03.2021

Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 243/5 Vassel

Administrativt vedtak: Saknr: 326/21

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 30.03.2026 for GBNR 243/5, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresefnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Føretaket Martin Alling har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 243/5.

Drifta er 26 vinterfora sau. Søkjeren samlar ikkje husdyrgjødsel fordi han har sauer som går ute heite året. Jordbruksarealet på bruket er på 48 daa innmarksbeite , 7,3 daa fulldyrka mark og 11,1 overflatedyrka mark.

Føretaket har opplyst om at han overtok garden i september 2020 og han har planar om å kjøpe inn 1 storsekk med kunstgjødsel for å gjødsla fulldyrka ,overflatedyrka mark og rundt halvparten av innmarksbeite.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på Overflatedyrka mark og fulldyrka og rundt halvparten av innmarksbeite				Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Total areal		Kg pr.daa		
600	kalksalpeter	42,4	Overflatedyrka mark og fulldyrka og rundt halvparten av innmarksbeite	14.1	2,24	

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalium.

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ektensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE= 3,7) etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år. Kommunen oppmodar foretaket til å ta jordprøvar for å få oversikt over næringsinnhaldet i jorda. Jordprøvar kan vera grunnlag for betre tilpassing av gjødselsmengde og gjødselslag til jordart og driftsform.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «21/2361»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Martin Alling

Kringlebakken 10

5915

HJELMÅS